



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1413-6

Sakshandsamar: Knut Erik Paulsen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	12.03.2025	19/25
Kommunestyre	25.03.2025	17/25

Oppussing og vedlikehald av Lastein bryggekafe

Saksframlegg godkjent 05.03.2025.

Finn Arne Askje
kommunedirektør

Vedlegg

- 1 Oppussing i pakkbua - kostnadsoverslag

Bakgrunn for saka

Avtala med Dalen hotell om drift av Lastein bryggekafe gjekk ut hausten 2024. I samband med dette vart det lyst ut etter nye drivarar. Dalen hotell har fått tilbod om å drifte bryggekafeen vidare.

Sommaren 2024 var det eit branntilsyn på bryggekafeen. Dette avdekke ein del forhold som må utbetrast. Dette var særleg på elektro og brannsløkking/brannvarsling.

I budsjettvedtaket for 2025 i desember blei det sett av 500 000 kr til utbetring av bryggekafeen (lukking av avvik).

Det kunne vore ynskjeleg med meir utbetringar enn berre å lukke avvika frå tilsynsrapporten. Vi har innhenta tilbod på dei utbetringane som er mest prekære og det vil i tilfelle bli trong for auka løyving.

Saksutgreiing

Branntilsynet i 2024 sette krav til utbetring av det elektriske anlegget og at det installerast eit brannslökkingsanlegg og brannvarsling. Det er på grunn av matlaging og bruk av frityr som krev brannslökkingsanlegg.

Brygga er freda, det fasade og «utsjåande» av husa. Det betyr at ein kan gjere naudsynt vedlikehald og utbetringar innvendig utan særskilt løyve.

No har Dalen hotell rydda ut av lokala på kjøkkenet og området for matlaging. Teknisk avdeling har byrja arbeidet med utbetring av manglane, men ein ser at det er ein del vedlikehald og utbetring som ein burde gjort når ein først er i gong med dette arbeidet. Det vil vere trong for ekstra løyving for å gjere vedlikehaldet og oppgraderinga slik det kunne vore ynskjeleg. Ein har avdekt at det er trong for å rette av golvet pga at sluka ikkje fungerer som dei skal. Dei er ikkje dei lågaste punkta i roma og vatnet renn ut til veggane og ikkje opp i sluket. Det viser seg og at veggane og taket i kjøkkenet er temmeleg slitt og dårleg.

For å utføre tiltaka ein har avdekt som ynskjeleg ,samstundes med ein at ein no lukkar avvika:

• Tømrararbeid (gulv, tak og veggar)	350 000 kr
• Ny ventilasjon	100 000 kr
• Elektroarbeid	80 000 kr
• Røyrleggar	150 000 kr
• <i>Sum</i>	<i>680 000 kr</i>
• <i>Uføresett</i>	<i>70 000 kr</i>
• <u>TOTALT inkl mva</u>	<u>750 000 kr</u>

Dersom ein går for full oppussing så må ein løyve 750 000 kr i tillegg til budsjettposten for 2025. Dette kan finansierast frå disposisjonsfondet.

Konklusjon

Ut i frå den økonomiske situasjonen i Tokke kommune ynskjer ikkje kommunedirektøren å foreslå at ein skal utbetre alt det som er ynskjeleg, men berre gjere det som er naudsynt, og å halde seg innaføre den budsjettramma ein har fått.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune løyver ikkje meir midlar til oppussing av bryggekafeen, utover dei avsette midlane i budsjettet for 2025.

